

Fra: [Johann Roppen](#)
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 45/2020, 16. DESEMBER
Dato: onsdag 16. desember 2020 16:11:29

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 45/2020, 16. DESEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

Dette er siste nyhendebrev i 2020.

Alle lesarar blir med dette ønska god jul og eit godt nytt år!

OPNINGSTIDER PÅ HØGSKULEN I JULA

Høgskulen i Volda held ope slik i jula:

23.12.2020: Ope kl 08:00 – 13:00

24.-27.12.2020: Stengt

28.-30.12.2020: Ope kl. 10:00 – 14:00

31.12.2020-01.01.2021: Stengt

Dørene på høgskulen er opne for tilsette og studentar med tilsette- og studentkort også på raude dagar i jula.

KANTINA HELD OPE TIL 18. DESEMBER - OPNAR ATT 4. JANUAR 2021

[Kantina i Berte Kanutte-huset](#) held ope til og med fredag 18. desember og stenger så for jula. Kantina opnar att måndag 4. januar.

KORONA: FLEIRE SMITTA I VOLDA OG ØRSTA - MANGE I KARANTENE

Den siste veka har det vorte påvist fleire smitta i Ørsta og Volda. Svært mange har måtta gå i karantene og Volda og Ørsta kommunar oppmodar alle med symptom på forkjøling om å ta ta kontakt for å ta koronatest. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

SMITTEVERN I JULA OG SEMESTERSTART 2021: KARANTENEHOTELL, TESTING OG DIGITAL UNDERVISNING

Høgskulen gjekk onsdag 16. desember ut med siste nytt med pålegg og råd når det gjeld smittevern, reiser og testing i samband med jula og start på vårsemesteret 2021.

Semesterstart blir 4. januar og for dei fleste studentar blir det undervisning som vanleg i starten på 2021, men dei fleste studentar på samlingsbaserte studium skal sett delta digitalt i januar og februar.

[Les meir på nettsidene våre.](#)

FÆRRE UTANLANDSSTUDENTAR TIL HØGSKULEN I VOLDA

Det kjem i alt ca 40 utanlandsstudentar til Høgskulen i Volda i vårsemesteret 2021. Alle kjem frå EU/EØS-området og vil gjennomføre karantene og koronatesting etter nasjonale reglar. HVO vil dekke desse ekstrakostnadene for studentane. HVO har avlyst alle studieturar, feltarbeid eller praksisopphald i utlandet våren 2021.

JULETILSTELLINGAR FOR STUDENTAR: FILMKVELD, MIDDAG OG JULEVERKSTAD

Ein del studentar har ikkje høve til å reise heim i jula. Studentparlamentet og

Velferdsgruppa ved høgskulen vil gjennom fleire arrangement skape sosiale møteplassar i jula, gjennom filmkvelda, juleverkstad og middag. For somme av arrangementa er det nødvendig å melde seg på på førehand. [Les meir om arrangementa på nettsidene våre.](#)

MANGE STØTTEERKLÆRINGAR TIL SITEL

Mange tilsette ved Høgskulen har engasjert seg i saka til Sitel Isa Adala. Sitel har dei siste åra arbeidd som reinhaldar i Volda og har hatt høgskulen som sin arbeidsstad. Gjennom oppslag i fleire media har vi vorte kjent med at UDI har gitt melding om at ho skal sendast ut av Noreg 21. desember. [Sjå blant anna omtale på NRK.no.](#) Juristgruppa ved Høgskulen i Volda har sendt ein [kommentar til Sunnmørsposten](#) og kritisert vedtaket til UDI ut frå juridiske perspektiv og etterlyser blant anna tydelege grunngevingar i saka. [Jan Inge Sørbo](#), ASH, har også skriva ein [kommentar om handteringa av saka som også er publisert](#) i Sunnmørsposten. Tilsette ved høgskulen har også formidla ulike støtteerklæringar og oppmoda til å [delta i ei lysmarkering til støtte for Sitel.](#)

12 MILLIONAR FRÅ FORSKINGSRÅDET: SKAL FORSKE PÅ AVVERGING AV PARTNARVALD

Høgskulen i Volda har fått gjennomslag for ein søknad om ca. 12 millionar kroner frå Noregs Forskningsråd. Dette er den største tildelingane høgskulen har fått frå Forskningsrådet på mange år. Prosjektleiaren er [professor Kjartan Leer-Salvesen](#), ASH, og prosjektet handlar om avverging av vald i nære relasjonar, ofte kalla partnervald, og korleis helsevesen, politi, barnevern og andre opplever og handterer dette. Prosjektet blir leia av Høgskulen i Volda, men i prosjektgruppa er det med forskarar også frå Høgskolen i Molde, Politihøgskolen, Krisesentersekretariatet, Oslo universitetssjukehus og fleire utanlandske forskarar frå universitet i Canada og Storbritannia. Prosjektet har ei samla ramme på ca 42 millionar kroner der dei samarbeidande institusjonane bidreg i form av arbeidstid for tilsette og stipendiatstillingar. [Høgskulelektor Kristian Fuglseth](#) ved Avdeling for mediefag bidreg i prosjektet ved å leie formidlinga av resultat frå forskingsprosjektet. [Les meir om prosjektet på nettsidene våre.](#)

HØGSKULESTYRET (1): 29 MILLIONAR TIL MEDIETEKNISSK UTSTYR

Høgskulestyret har i budsjettet for 2021 sett av 29 millionar til medieteknisk utstyr og innreising av det nye mediehuset, noko som også var foreslått frå direktøren. Dei 29 millionar kronene kjem frå spart husleige våren 2021 på ca 7,5 mill, avdeling for mediefag tømmer kassa og brukar 7 millionar i avsetningar og resten kjem frå avsetningar frå andre avdelingar og frå fellesadministrasjonen, så dette vert eit fellesløft for heile høgskulen. Avsetningane vert flytta frå avdelingane sine budsjett og omfordelt av styret i tråd med eit styrevedtak frå 2017. [Les meir om avsetningar i rektorbloggen.](#)

HØGSKULESTYRET (2): NY PRIORITERING AV AVSETNINGAR I MARS-MØTET

Regjeringa har foreslått nytt regelverk for avsetningar på høgskular og universitet. På styremøtet i mars vil styret for Høgskulen i Volda vedta årsrekneskap for 2020 og vil då vite kor store avsetningar høgskulen hadde ved årsskiftet. Styret vil då få framlegg for både "normale" investeringar og dei meir ekstraordinære avsetningane. For avsetningane er det ombygging av Hans Strøm-huset og vidareutvikling av høgskuleområdet (Campusutvikling) som er dei mest aktuelle tiltaka. Dei samla investeringane kan kome opp i ca 50 millionar kroner i 2021 og 2022 til saman.

HØGSKULESTYRET (3): MEIR TIL FORSKING OG DOKTORGRADSKURS

Det samla budsjettet til Høgskulen i Volda i 2021 er på ca 410 millionar kroner. Høgskulestyret gjorde nokre få endringar i budsjettet samanlikna med det som var foreslått i innstillinga frå direktør: 2 millionar kroner vart øyremerka forskning og utvikling og styret bestemte av desse midlane skulle det også løyvast midlar til doktorgradskurset

"Metodeforum".

HØGSKULESTYRET (4): TILSETTE VERT FLYTTA FRÅ MEDIEFAG TIL AHL

Høgskulestyret vedtok at tilsette i fagmiljøet DKL (Digital kompetanse i læring) på Avdeling for mediefag (AMF) skal flyttast over til Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL). Det er snakk om ca 6 tilsette som i dag særleg arbeider med etter- og vidareutdanning av lærarar. Fagmiljøet var tidlegare på Avdeling for kulturfag (AKF), men vart flytta over til Avdeling for mediefag i 2018.

15 STIPENDIATUTLYSINGAR PÅ NYÅRET: PÅ ALLE FAGOMRÅDE

Høgskulen i Volda vil tidleg i 2021 lyse ut heile 15 stipendiatstillingar.

Stipendiatstillingane vil vere tilknytt alle avdelingane og dermed dei aller fleste fagområda på høgskulen. 15 stillingar er dobbelt så mange som høgskulen brukar å lyse ut. Det blir lyst ut mange stillingar på ein gong fordi med auka aktivitet har høgskulen også behov for fleire fagfolk i framtida. Stillingane blir lyst ut etter at forskingsutvalet ved Høgskulen har gitt si godkjenning i slutten av januar. [Her er informasjon om doktorgradsprosjekt med meir ved Høgskulen i Volda.](#)

JOBGING HEIMANFRÅ ELLER PÅ REISE? HVO-MALANE ER I "SKYA"

Eit lite steg for IT - eit stort steg for heimearbeidande: No er HVO sine malar i Office tilgjengelege også om du arbeider i skya. Jobbskya kan du blant anna lenke deg inn på via: onedrive.hivolda.no

STYREMØTE I STUDENTSAMSKIPNADEN (1): VIL BYGGE NY HYTTE PÅ GAMMAL TOMT

Studentsamskipnaden vurderer å bygge ei ny hytte for studentar på tomta til "Blåbu" ved Folkestadvatnet. Gamle Blåbu vart riven for eit par år sidan og [Møre Miljøsanering har lagt ut bilde frå arbeidet med å rive hytta.](#)

STYREMØTE I STUDENTSAMSKIPNADEN (2): LANG VENTELISTE HOS PSYKOLOGEN

På styremøte i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) vart det opplyst at det no er over tre månaders ventetid for nye brukarar av [den psykologiske helsetenesta](#). Det er mykje lenger ventetid enn tidlegare år og heng saman med koronaen.

STYREMØTE I STUDENTSAMSKIPNADEN (3): BARNEHAGEN OGSÅ FOR HVO-TILSETTE

Studentbarnehagen vil hausten 2021 vere meir open for søknader frå tilsette på Høgskulen i Volda. Styret i SiVolda vedtok ei endring i vedtektene for barnehagen som opna for det. Studentbarnehagen har hatt noko ledige plassar dei siste åra. [Her er omtale av studentbarnehagen på nettsidene til Studentsamskipnaden.](#)

VIKTIGE DATOAR 2021

Det har vore trangt på høgskulen i mange år, og med koronaen vart det endå verre. Så planlegging er viktigare enn nokon gong. Datoar for fleire fellesarrangement og andre store arrangement i 2021 er på plass - og står også som fast post lenger nede i nyhendebrevet:

8.-12.2.2021: [Internasjonal veke/internasjonal dag](#)

3.6.2021: Etatstyringsmøte 2021, KD, på Høgskulen i Volda

16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)

01.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)

29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)

03.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)

RANDI MYKLEBUST, AHL, FEKK UTDANNINGSPRISEN PÅ HØGSKULEN I VOLDA

Pris for kvalitet i utdanninga 2020 ved Høgskulen i Volda (HVO) går til førsteamanuensis Randi Myklebust. [Les meir om prisen og grunngjevinga på nettsidene våre.](#)

ARILD TORVUND OLSEN: JULEPRAT OM TEIKNESERAR OG NYNORSK I KHONO

Nettavisa Khono har under overskrifta Adventsprat korte videointervju med personar i eller med meiningar om forskning og høgre utdanning. [Høgskulelektor Arild Torvund Olsen](#), Nynorsksenteret, er ein av dei som har vore i samtale med Khono - om teikneseriar og nynorsk - og meir. [Sjå og høyr samtalen med Arild Torvund Olsen her.](#)

PROFESSOR II-ARAR SKAL UTVIKLE SPRÅKET VED UNIVERSITETET I BERGEN

To av Høgskulen i Voldas professor II-arar har vorte utpeika til Universitetet i Bergen sitt nyoppretta Språkpolitisk Utval. Dei to er [Endre Brunstad](#) (leiar) og [Rune J. Krumsvik](#). Brunstad er professor II ved AHL og Krumsvik er professor II ved AKF. Utvalet skal blant anna sjå på språkbruk i universitetsadministrasjonen og i bruk av engelsk og norsk hos fagleg tilsette. [Les meir om utvalet i nettavisa På Høyden.](#) Mandatet til utvalet kan lesast på [nettsidene til UiB.](#)

INTERNT UTVAL FOR VURDERING AV PEDAGOGISK BASISKOMPETANSE

På oppdrag frå høgskulestyret har TUFO (Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette) peika ut eit fast utval som skal vurdere pedagogisk basiskompetanse til einskilde typer søknader. Eitt fast medlem deltek i alle vurderingar medan det andre medlemmet kjem frå same avdeling som aktuelle søkarar. Medlemmene er:

[Høgskulelektor Silje Ims Lied](#), AHL (Fast medlem)

[Førstelektor Birgitte Fondevik](#), AHL

[Førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie](#), AMF

[Førsteamanuensis Stein Helge Solstad](#), AKF

[Førsteamanuensis Kjersti Straume](#), ASH

PROFESSOR LEER-SALVESEN: REDD FOR AT VALD OG OVERGREP IKKJE BLIR MELDT

I eit intervju med tidsskriftet Fontene stiller professor Kjartan Leer-Salvesen, ASH, seg kritisk til om fagpersonar i ulike yrke gjer nok for å hindre vald, overgrep og drap i nære relasjonar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrerer publiseringane dine i Cristin.](#)

PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, rapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

PUBLISERINGAR (3): INGER MARIE OKKENHAUG I ANTOLOGI PÅ PALGRAVE MACMILLAN

[Professor Inger Marie Okkenhaug](#), ASH, har publisert artikkelen "[A "significant Swedish](#)

[outpost”: The Swedish School and Arab Christians in Jerusalem, 1920–1930](#)” i antologien [European cultural diplomacy and Arab Christians. Between Connection and Contention 1918-1948](#), på forlaget Palgrave MacMillan. Redaktørar for antologien er Karène Sanchez Summerer og Sary Zananiri.

PUBLISERINGAR (4): OLA TEIGE HAR PUBLISERT I HISTORISK TIDSSKRIFT

[Førsteamanuensis Ola Teige](#), ASH, har publisert artikkelen «[En ujevnelig synd: Rettssaken mot Aron Åsulsen i 1693 og rettsforfølgelsen av homoseksuelle handlinger i Norge i tidlig nytid](#)» i Historisk tidsskrift. Artikkelen er ein del av eit temanummer av Historisk tidsskrift om "skeiv historie".

PUBLISERINGAR (5): ELISABETH BUSENGDAL OG ROAR AMDAM I TIDSSKRIFT FOR VELFERDSFORSKING

[Stipendiat Elisabeth Busengdal](#) og [professor Roar Amdam](#), begge ASH, har saman med [Anne Britt Djuve](#), Oslomet publisert ein artikkel i Tidsskrift for velferdsforskning: "[Ein nasjonal integreringspolitikk som er utfordrande å iverksetje?](#)"

PUBLISERINGAR (6): RUNE KRUMSVIK OM TANNLEGESTUDENTAR OG INTERAKTIVITET

Professor II Rune J. Krumsvik har saman med to andre forfattarar publisert artikkelen: "[Student Response System in Dental Students’ Education. Using a Student Response System and Peer Discussion to Raise the Awareness of the Importance of Good Professional Communication Skills in Practice Periods](#)" i tidsskriftet Designs for Learning.

PUBLISERINGAR (7): HENRIETTE HAFSAAS I "OXFORD HANDBOOK OF ANCIENT NUBIA"

Forskingssjef Henriette Hafsaas har eit bidrag i Oxford Handbook of Ancient Nubia der ho har skrive eit kapittel med tittelen: [The C-Group People in Lower Nubia: Cattle Pastoralists on the Frontier between Egypt and Kush](#). I Nubia (dagens Sudan) finn vi dei eldste byane, statane og imperia i det indre Afrika, men den nubiske sivilisasjonen er framleis lite kjent. Arkeologiske undersøkingar i Nubia vart først motivert av regionens rolle som nabo, handelspartner og fiende til det gamle Egypt. I aukande grad vert dei gamle nubiske kulturane no anerkjent som dei første komplekse samfunna i indre Afrika.

PUBLISERINGAR (8) SLUTTRAPPORT FRÅ «SÆRVILKÅRSPROSJEKTET»

Med rapporten «[Vegar til vaksenliv - livsløp og sosial inkludering](#)» har det vorte publisert sluttrapport frå «Særvilkårsprosjektet». Fleire tilsette ved HVO har arbeidd med særvilkårsprosjektet gjennom mange år, heilt frå midten på 1990-talet. Gjennom åra har det vorte publisert ei rekke artiklar, masteroppgåver og [doktorgradsavhandlingar](#) med utgangspunkt i prosjektet som har teke utgangspunkt i eit utval av elevar som gjennomførte vidaregåande skule på særvilkår. Forfattarar av sluttrapporten er [professor Finn Ove Båtevik](#), [professor em. Rune Kvalsund](#) og professor em. Jon Olav Myklebust, alle ASH. Desse tre har også vore dei mest sentrale forskarane i prosjektet gjennom desse åra.

PUBLISERINGAR (9): FØLGEFORSKING OM MOBBING I MØRE OG ROMSDAL

Fleire tilsette på Høgskulen i Volda har bidrege i eit prosjekt der Møreforskning AS har følgd innføring av prosjektet "Skolens innsatsteam mot mobbing i Møre og Romsdal". No har det kome sluttrapport frå prosjektet og blant dei åtte medforfattarane er tre tilsette på Høgskulen i Volda, institutt for pedagogikk, AHL: [Førsteamanuensis Anne Randi Fagerlid Festøy](#), [høgskulelektor Kari Leikanger Buset](#) og [professor Peder Haug](#). [Les sluttrapporten på nettsidene til Møreforskning](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

08.-12.2.2021: Internasjonal veke
04.03.2021: [Styremøte](#)
18.-19.03.2021: Avdelingsseminar, ASH
29.04.2021: [Styremøte](#)
10.06.2021: [Styremøte](#)
16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde
09.09.2021: [Styremøte](#)
24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)
01.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)
29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)
03.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)
09.12.2021: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

10.12.2020: [Orientering til høgskulestyret i høve styremøte 10.12.2020](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

